



Ordføraren sitt hjørne – mars 2019

I samband med «Samfunnsdelen i kommuneplanen» vart det arrangert 4 grendemøter for å få innspel på kva som er rett utvikling for Hemsedal framover. Frammøtet var godt, og engasjementet var stort. Det bur mange kreative personar i bygda. Samtidig merka eg meg at grendekjensla er stor. Eit levande nærmiljø er viktig, og lokale tiltak var langt framme hjå dei fleste gruppene som var i arbeid. Innspela som kom fram er notert. Dei vil bli sortert og lagt inn i arbeidet framover. Grendemøta var etter mi vurdering ein suksess. Neste runde no er ei spørjeundersøking som alle kan delta på. Ca 15. april vil den vera klar. Den vil då vera tilgjengeleg på heimesida til kommunen, på facebookside og det vil bli gjeve eit varsel på SMS. Eg vil be alle om å ta seg tid til å svara på denne undersøkinga.

Mange som møtte på grendemøte var opptatt av veg, kollektivtilbod, mjuke trafikkantar og klimatiltak. Det siste var også tema no sist fredag, med skuleungdommar som arrangerte klimastreik med debatt og konsert etterpå. Eit positivt innslag, med utruleg engasjement og veldige godt gjennomtenkte og gode framlegg til kva som bør gjerast. Dette er også gode innspel å ta med i vidare arbeid av Kommuneplanen. Hemsedal kommune har dei siste åra vore veldig bevisste på energibruk i kommunale bygg, og statistikk syner at energibruken har gått mykje ned dei siste åra. Det er betre isolering av bygg og bruk av jordvarme som er kanskje dei to viktigaste tiltaka. Det er mange små og store tiltak som kan gjerast framover, både for kvar og ein av oss og for kommune og stat. Her er små steg for alle viktigare enn å berre peike på at andre må gjera større ting. Ordtaket om at «mange bekker små blir ei stor å» passar her.

Folketalet auka også i 2018. 1 % vekst siste året kan me vera godt nøgde med. Hemsedal er ei av få distriktskommunar som har hatt stigande folketal over tid. Folketalsveksten på landsbasis vil antakeleg bli lågare framover enn kva den har vore dei siste åra. Lågare innvandring er grunnen til det. For Hemsedal er det mykje som tyder på at me vil ha vekst framover. Hotellet Fyri opnar før jul no i 2019. Dei legg opp til heilårsdrift. Det vil vera mange heilårsarbeidsplassar der, og denne gode sommarsatsinga som er på gang er også veldig positiv i så måte. Framover er det mange planer på gang oppe i Skigaarden og andre plassar som er klare signal på at det stoppar ikkje opp. Dette er lokal utvikling som kommunen må ta høgde for i våre planer. Det er meir moro med piler som peikar oppover enn nedover, så det er berre å legge forholda til rette for fortsatt vekst –trur eg.

Det er sein påske i år. Mange er spente på om snøen blir liggjande til påske. Det ser bra ut, og bra er det. Gode skiløyper og bakkar betyr mykje for oss. Det vil me nok vera avhengige av i åra framover, lell om det etter kvart kjem til andre tilbod innafor reiselivet og andre næringar. Heldigvis har me mange dyktige folk innafor landbruk og andre næringar som gjer oss til ei mangslungen bygd å bu i, og fleire føter å stå på.

Dagane blir no lysare og lengre. Nyt dei!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører